

Uskedelingar på kvelpekurs.

28.04.2017



Lexie(f.v.) med Lena Iren Musland, instruktøren Cassandra har lånt Toya medan Einar Gjertsen tar bilde, og Muffin med Nina Iversen.

For tida føregår det kvelpekurs i regi av Kvinnherad hundeklubb, og etter det vi kjenner til deltar tre unge Uskedalshundar på kurset saman med eigarane sine. Det er Lexie(Lena Iren Musland og Linda Jensen), Muffin(Nina Iversen) og Toya(Einar Gjertsen). Instruktør på kurset er Cassandra Jespersen.



Kva tenkjer du på, Toya?

Kurset går over 10 kveldar, der ein lærer det grunnleggjande med innkalling, sitt, ligg, gå fint og kom. Særleg viktig er kurset for å sosialisera dei med andre hundar. Kurset vert halde i regi av Kvinnherad Hundeklubb. Sist onsdag hadde dei 4. kvelden i kursrekkja, og då føregjekk opplæringsaktiviteten i og rundt Husnes Storsenter om ettermiddagen då det var mykje folk ute. Kvelpane fekk då teke heis og gått både opp og ned trapper. Det fekk gått på glatt golv gjennom senteret, og elles var treninga både inne og ute.

Det er altså tre kvelpar frå Uskedalen, og ein av eigarane, Einar Gjertsen, fortel at Lexie, Toya og Muffin er veldig ulike i storleik, men dei går flott i lag.

- Det er eit veldig interessant kurs, med ulike krav til elevane. Det er om lag 10 hundar med, og alderen på hundane er nok litt varierende, men eg vil tru dei aller fleste er under eit halvt år gamle. Kurset varer 1,5 til 2 timar kvar gong. Det er nok, for eg ser at den mentale treninga slit på dei små kroppane. Det er aldri kjefting og smelling, men vi gjev løn til dyra i form av små godbitar og vellæte over oppførsla deira, fortel Einar som for kort tid sidan fekk seg ein ny kjernevenn i kvelpen Toya. Ho har alt hatt mange fine turar med den turglade eigaren sin. Toya er 3/4 Border Collie og 1/4 Golden Retriever.



[Deltakarane på kurset.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen og Kvinnherad hundeklubb.